

Styret i Bergen og omland havnevesen

v/styreleiar Øistein Christoffersen

UTTALE I MEDIA VEDKOMANDE TILHØVE KNYTT TIL ENDRINGAR I BOH SI ORGANISERING

Vi viser til styreleiar sin uttale til avisene Nordhordland og Bergens Tidende denne veka om omdanninga av BOH til BH IKS, og kommunane Fjell og Lindås sin rolle og situasjon i den samanheng.

Slik vi les intervjuet, så er styreleiar primært oppteken av to forhold:

- Kva føresetnader Lindås og Fjell har for å etablere og drive eit nytt hamneselskap
- Det økonomiske oppgjeret ved ei slik endring i BOH

Vi les intervjuet slik at styreleiar på ingen måte har tru på at Lindås og Fjell veit kva vi gjer! Vi er litt overraska over korleis det er mogleg for leiaren å uttale seg så tydeleg om dette.

På same måten er styreleiar særstilt tydeleg på premissar og summar knytt til det økonomiske oppgjeret. Når det vert hevdat at Lindås må ut med 50 mill.kr for kaia på Mongstad, går vi frå at styreleiar ikkje uttaler dette utan at det er drøfta og er semje om i styret.

Vi er også spørjande til kvifor desse tala ikkje vart presentert av styreleiar i BOH sitt eigarmøte 4.juni 2015, der einaste tema var omdanninga av selskapet. Ut frå våre kjelder, som m.a er ein røynd jurist med hamnelova som spesialfelt, vil arbeidet med å avgjere det økonomiske oppgjeret eller provenyet vere krevjande. Ein vil møte kompliserte problemstillingar av både økonomisk og juridisk karakter som truleg ingen i BOH, og få andre, har røynsle med frå tidlegare.

Vi er overraska over måten å bruka rolla som styreleiar på. Styreleiaren bør vere samlande og representera alle medlemskommunane. Vi meiner det er heilt feil å nytte media for å marknadsføre eigne argument og haldning. Til dette føremålet har styreleiar både hamneråd, hamnestyre og spesielle eigarmøte, i tillegg til direkte dialog med underteikna.

BOH er midt inne i ein krevjande prosess med å omdanna selskapet. I dette arbeidet bør ein nytte dei møteplassane som medlemmane i BOH er vorten samde om, og som er nemnt ovanfor. Fleire av desse møteplassane er også opne for media. Vi trur dette er vesentleg meir tenleg for det vidare samarbeidet enn å fremje synspunkt og argument på den måten styreleiar har gjort.

03.07.2015

Med venleg helsing

Astrid Å. Byrknes

Eli Å.Berland

Ordførar Lindås kommune

Ordførar Fjell kommune

Kopi: Dei andre deltagarkommunane i BOH v/ ordførarane

